

Lindås kommune, plan og miljøutvalet,
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
postmottak@lindas.komune.no

LINDÅS KOMMUNE	
19. 12. 2017	
Arkivnummer 16/2379	Løpnummer
Saksh	Flyangskode

Hodneland, 18. desember 2017

KLAGE PÅ GODKJENT REGULERINGSPLAN FOR LANGØY-OSPENESSET AKVAKULTUROMRÅDE, PLAN-ID 1263-201606

1. Allemannsretten.

Austfjorden har vore brukt av kystfolket i kanskje fleire tusen år, jfr. rikt utstyrte graver på Hodneland frå 800 talet, frakt av stein frå Sævråsvåg til Mariakyrkja i Bergen i seinmiddelalderen, ferdsel av husdyr som måtte over fjorden til fjells til sætrane i Kalvedalen, til kverna på Kvingo der folk kunne få malt kornet sitt under krigen (og sikkert tidlegare også). Også på Sletto har det vore kvern, idag berre restar. Fjorden var og ferdselsvegen for tømmer til sagene langs fjorden, m.a. til sagene i Andvik, på Mjanger og på Sæverås, i drift inn i 1980 åra. Sistnevnte sag hadde høvel som gjorde saga sers attraktiv. Denne gamle saga er restaurert.

Austfjorden var dessuten ein eventyrlig fiskefjord. Større båtar hadde steng med fisk/sild langs landet om våren, og så seint som i femtiåra kom folk med mindre notbruk til lands med makrell, pir og brisling (til sals for to kroner pr bøtte). Ellers fiska alle mann så sant dei hadde tid. Krabben frå Austfjorden vart ifølgje sumarturistar betalte med 50 øre meir pr stk på torget i Bergen enn frå andre fjordar. I 1980 -90 åra var det på hobbybasis også fangst av makrell i fjorden - på heimvegen sat to store ørner på ein knaus i sjøkanten på austsida av Hodnekletten og venta på mat frå fiskarane. Nemnast må også at ein lokal hobbyfiskar i 40-50 åra drog ei diger håkjerring på land, og kveite fekk ein fiskar på Sæverås i 70-åra. Austfjorden var såleis spiskammeret for folket.

Endeleg må nemnast at sjøen også var ferdselsvegen for skuleskyss for skuleborn frå Hodneland til Sæverås. Mange gonger rodde dei åleine, men så kunne mest alle ro og symja når dei kom i skulepliktig alder. Borna på Hodneland og Sæverås stod og heilt åleine for dei store jonsokbåla på holmane.

Folk frå dei tidlegare uvegsame bygdene langs fjorden - både på vest- og austsida -har sikkert liknande soger å fortelja, og om reiser til handelsmann, doktor og prest/kyrkje. I nyare tid må ein vel seia at fjorden er mest brukt til fritidsaktivitetar - fiske, bading samt lystkjøring langs fjorden, gå i land kvar du vil og finna deg ei fin vik. Med fisken har svikta oss, og likeså det tidlegare så rike fuglelivet.

Den sterke allemannsretten som etter dette må reknast som etablert, meiner vi må

takast omsyn til ved etablering av oppdrettsanlegg. Mellom anna meiner vi at pga denne retten er det ikkje rett å endra friområdet i kommuneplanen til oppdrettsareal i sjøplanen til skade for folk i Vabø-bygda, Jfr Meland der fylkesmannen gav folka i eit bustadfelt medhald i at eit stort oppdrettsanlegg ikkje kunne etablerast i nærleiken av bustadfeltet.

Langøy - Ospeneset ligg ikkje langt frå Hodneland i nord. Litt sør for oss ligg det gamle fiskeanlegget på Sletto. Det var vel etablert i 70-80 åra, og var kanskje det første oppdrettsanlegget i fjorden. Plassert på ein avsides og lite brukt plass, var anlegget då nærmast som ein kuriositet å rekna.

Rett over fjorden frå Hodneland /Sæverås, altså til Masfjordsida av fjorden, er det nå komen to oppdrettsanlegg, eitt litt sør for Elvik og eitt litt sør for Elvikastøane (sør for Mjangervågen).

Desse plasseringane har vi ikkje vorten varsla om. Især om kveldane kan vi som er busette på austsida av Hodneland høyra til dels høgt "bråk" og i blant sjå sterkt lys frå anlegget nær Elvik.

(Brevet vedlagt den innsendte lista av folk på Hodneland som protesterte mot Langøy - Ospeneset er skriven av avsendaren åleine etter at lista var underteikna av oss - og innhaldet gjeld stort sett ulemper for hytteeigarar som bur i Litlaneset eller i Vågen nord på Hodneland).

Køyrer vi ut på fjorden med båt frå Sævråsvåg (der er det ei stor båthamn) eller frå Hodneland, har vi såleis to fiskeanlegg på kvar side av oss - samt to på andre sida av fjorden. Dette medfører at vi over store strekningar langs landet er avskoren frå å køyra langs strandlinja både på vest- og austsida av fjorden som vi set slik pris på. Vi meiner at dette må vi kunne ha rett til., og vi meiner at fire anlegg er for mange på det arealet som nå er okkupert, jfr også nedanfor.

2. Kravet om avstand mellom merdene/anlegga.

For eit par dagar sidan var vi på eit møte i Knarvik i regi av Norges Naturvernforbund vedr. opne eller lukka oppdrettsanlegg. Der vart det m.a.opplyst at det nå var eit krav om fem km avstand mellom anlegga/merdene. Tidlegare hadde det vore mellom eitt - to- km krav.

Langøy-Ospeneset havarerte fullstendig i ein storm i 2015 og mellom 40-50.000 oppdrettslaks rømte. Det er såleis nå tale om eit heilt nytt, og dobbelt så stort anlegg som det gamle anlegget, og etter ein ny sjøplan og ein ny lokalitet nord for den gamle lokaliteten. Då må det vera fem-km grensa som gjeld for anlegget i relasjon til alle dei tre gamle anlegga. Vi meiner at denne grensa ikkje er nådd for nokon av dei.

3. Lakselus, fiskehelse, kjemikalier, innverknad på miljøet, verknaden for villaks, for m.m.

Vi meiner også at den skade som denne næringa har på miljøet og økosystemer i fjordane, skulle kunne gjeva grunnlag for avslag på søknaden. Fangst av fiskefor i havene til denne næringa har desimert fiskemengda, seinare, når det ikkje er meir fisk til for, er store områder med skog i verda hoggen ned og tilplanta med soya avdi fiskeforet nå består av 70 til 80% soya. I Morgenbladet av 23.11.17 under overskrifta "15.000 forskere slår alarm" kan vi m.a. lesa at "1,2 milliard kvadratkilometer skog er borte sidan 1992."

Folket langs austfjorden har erfart ein sterk nedgang av fisken i fjorden, og den fisken ein får er stort sett liten og luktar i blant sterkt av kloakk, sjølv om han er fiska langt frå merdene. Ein mann som nyleg sette ut 10 garn, fekk berre to mindre torskar. Vi finn grunn til å tru at det er slik som ein fiskar nord i landet hevdar, at torsken gyter ikkje der det er oppdrettsanlegg fordi han skyr lukta. I Masfjorden må to anlegg nå stengja avdi det ikkje er oksygen att under merdene.

Vi viser og til alle artiklane i aviser og magasiner som er publiserte om oppdrett i 2017, m.a. i Bergens Tidende, og som vi reknar med at Fylket er kjend med. I Aftenposten sitt magasin Innsikt nr. 17 var det ein stor artikkel om fiskehelse i merdane med gruoppvekkande bilder om verknaden av lus på laksen som i alle fall ikkje var betre enn skadene som er vist på mink og liknande dyr i bur. Morgenbladet nr 47 i 2017 hadde og ein stor og informativ artikkel om denne næringa som fekk Aftenposten på leiarpost nokre dagar seinare til å skriva at nå måtte fiskeriminister Sandberg ordna opp i ukulturen.

Fisken i fjordane har vore Noregs største evigvarande ressurs så langt attende i tida som soga går. Og mens fiskeripolitikken tidlegare gjekk ut på å sikra kystfolket verdiane, er sjømatnæringa nå, m.a. oppdrettsnæringa, vorten ein del av turbokapitalismen. Og trass i den eventyrlege fortjeneste dei har hatt dei siste åra, vert dei ikkje pålagte å betala for bruk av fjordane, (jfr skattlegginga av andre naturressursar i Noreg, utvinning av petroleum med marginalskatt på 78% og erstatningsansvarlige for forurensing og skade uten omsyn til skuld samt erstatningsansvarlige til fiskarane for tap dei måtte lida. Vasskraft, grunnrente 34% og ordinær inntektsskatt 24% , samt 1.1 øre skatt til kommunen og 0,2% skatt til fylkeskommunen pr kw.time .

Oppdrettsselskapene får og forurensa fjordane (rekna å tilsvare 17 millioner menneske), øydeleggja økosystemer, øydeleggja fisket for folket og okkupera fjordane til fortrenghet til folket. Sist, men ikkje minst, har rømning og lakselus medført ein drastisk nedgang i villaksen, Noregs nasjonalsymbol. Noko utvikling av ein bærekraftig utvikling og verdiskaping på kysten som er vilkår etter Akvakulturlova, kan ein ikkje sjå at oppdrettsverksemda bidreg til.

Vi vil til slutt visa til Havressurslova: Dei marine ressursane tilhøyrer folket. Regelen i havressurslova skal vera eit framhald av tilsvarande regel som går attende til lovgjeving på 1100, 1200 og 1600 talet til Havressurslova. . Dette vert og lagt til grunn i andre lover som vedrører felleseige av naturressursar i Noreg. Og frå først av

er det fisken som gjorde Noreg rikt! Det kan den sikkert gjera i framtida også dersom den fekk utvikla seg som før oppdrettsnæringa kom, og då ressursane i praksis nå er overførte til nokre få kapitalsterke selskap.

5.

Alternativer til oppdrettsanlegg i Austfjorden? Forslag:

- Lindås som biosfære-område etter UNESCO?

Om dette har det vore forelest i Knarvik på Senioruniversitetet

"Nordhordland kan bli det første norske bidrag til FNs program for biosfæreområde.

Det vil seia eit naturområde der folk kan leve gode og bærekraftige liv i takt med naturen. Kystlyngheiar og beitedyr, skog og vilt, sjø og fisk gjev innbyggjarane i Nordhordland eit godt grunnlag for bærekraftig liv".

FNs definisjon bærekraftig: Ta vare på det menneske på jorda i dag har behov for og ikkje øydelegg framtidens mennesker sine behov.

Kvifor ikkje også satsa kystfolka langs Austfjorden?

- Nasjonalpark, jfr m.a Ytre Hvaler nasjonalpark? (andre: Færder, Jomfruland, Raet) Austfjorden frå innerst til ytterst har like fine områder som ovannemnde park, jfr flyfoto over områdene . Kombinert med Masfjordfjella og sætrane bak desse ville opplevinga bli unik.

- Marint verneområde, jfr Fremvaren i Vest-Agder, Tanteryggen i Nord-Trøndelag og Jærkysten, jfr at Noreg har forplikta seg til å verne 10% av våre havområder innan 2020. Austfjorden + Masfjorden ville vera perfekt.

Foreløpig skal kyst- og sjøområder vera dårleg representert.

Med helsing


Harald Hodneland


Harald Hansen


Helga Skauge